



## Os Kyrkje 150 år!

Les meir på side 3



### Nytt Sokneråd

Sjå kvem som er i soknerådet frå 2019-2023.

**Side 4**



### Fasteaksjonen

29. mars går fasteaksjonen i Os av stabelen.

**Side 5**



### Nye tilsette

Vi har fått på plass dagleg leiar og driftsleiar.

**Side 8 og 10**

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

#### REDAKSJON:

Margrethe H. Askeland og kyrkjestaben.

#### ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

#### UTGJEVAR: Os sokneråd

#### ANSVARLEG REDAKTØR:

Margrethe H. Askeland

#### LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebo

#### TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.800 stk

#### OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

#### LEIAR:

Bente Brøvig Strømme

#### OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10

#### KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

#### YNSKER DU Å ANNONSERE I KYRKJEBLADET?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller e-post: [mha@os-kyrkja.no](mailto:mha@os-kyrkja.no)

# Kyrkje ved ein merkestein

I mi tid som lokalpolitikar midt i Noreg snakka vi om korleis få ungdom til å trivast og busetja seg. Slagordet var «Gje ungdomane røter og vengjer».

Røter, så dei veit kvar dei kjem i frå, kva verdiar dei har med seg, kva historie dei ber med seg. Alt dette er viktig ballast å ha i livet. Men like viktig er det at historie og tradisjonar ikkje vert eit fengsel. Dei unge må også ha vengjer, slik at dei fritt kan kome seg ut, sjå seg ikring, få nye impulsar.

Ved årsskiftet gjekk vi inn i ei ny tid, som bjørnafjordingar. Som osingar gjekk vi inn i jubileumsåret for Os kyrkje – 150 år har den kvite kyrkja stått på Øyro og samla folk i sorg og glede. Både samanslåinga av Os og Fusa til ein kommune og markeringa av kyrkjejubileet, gjev grunn til å stoppe opp ved desse merkesteinane og tenke over: Kva er det som ligg bak meg no. Kva skal eg la liggja igjen, og kva er det verdt å ta med vidare.

Som kyrkje er det viktig at vi ikkje gløymer røtene våre. Denne korte leiaren gjev ikkje rom for å grave djupt i trus- og kulturarven vår for å gjere greie for heile breidda av verdiar det kan vere verd å ta med seg vidare. Men noko kan vi ikkje miste, om vi skal halde fram med å vere kyrkje: Vi ber med oss ei klår og tydeleg vedkjenning på ein treeinig Gud. I ei tid der den vestlege verda er prega av trusskifte, er dette viktig å ta med seg. Materialisme og gudløyse er i fred med å prega oss. Eg vel ordet «gudløyse» sjølv om eg veit at nokon vil gje det eit

meir lada innhald enn det eg gjer i denne artikkelen. For meg er det eit tankekors at vi lever i ei tid, der «livssynsnøytral» synes å vere ein verdi mange meiner alle kan vere eingo om. Men kva er det som er livssynsnøytralt? Kva legg ein i det omgrepet? Mange vil seie at alt som ikkje har med Gud å gjere, ein eller annan gud, er livssynsnøytral. Men er det så enkelt? Eg trur at mange bidreg til å oppdra til ateisme, sjølv om dei ikkje er medvetne om at det er det dei gjer. Men nokon er medvetne om det. All ære til Human-Etisk forbund som er klare på at dei ikkje er livssynsnøytrale.

Trua på den treeinge Gud er den viktigaste arven kyrkja har med seg framover frå merkesteinen som ber namnet: «Os Kyrkje – 150». Menneske har levd i og med denne trua frå generasjon til generasjon. Trua har vært brukt – og misbrukt. Noko har vært bra, noko ikkje. Noko var rett i si tid, men vil ikkje treffe i menneska i vår tid.

Jubileumsåret vil være prega av både historiske glimt og nyskapingar. Sjå førebels program ein annan stad i bladet. Komiteen har lagt opp eit breit program med noko for alle aldersgrupper, og (nesten) ein kvar smak.

*Velkomen til dei ulike arrangementa.*

**Margrethe Holmboe Askeland**

SOKNEPREST





## Arr: Kyrkja gjennom 150 år

**Dato:** 20.02.2020

**Tid:** kl 20.00

**Sted:** Tunet/Kyrkja

Korleis kledde du deg for å ikkje skilja deg ut når du skulle på gudsteneste i den nye kyrkja i 1870? Kva plass har kyrkja hatt i osingane sine liv opp gjennom hundreåra? Kven var eigentleg dei mektige prestane som prega i kyrkjelivet i Os før i tida? Kva var grunnen til at formannskapet på 1800-talet sa nei takk til å overta Lysekloster kapell? Og kvifor blei det eigentleg slutt på ordninga med kyrkjeku?

Desse og mange fleire lokale kyrkjehistoriske tema måtte Mari Lyssand velja vekk då ho i 2014 heldt 17.mai-talen «200 år av Ossoga på ca. ti minutt» på Kyrkjeflaten.

I Tunet plukkar ho spørsmåla opp igjen, og ser på kva Nils Tveit skriv om desse emna i Os saga. Mari Lyssand har i 30 år formidla historie som forteljar, songar, skribent og foredragshaldar.

*Arr. TITT i samband med Os Sogelag*



**Mari Lyssand.**

Foto: Carl-Fredrik Hammersland



# Os Kyrkje 150 år

*I jubileumsåret vil kyrkjelyden invitera til mange forskjellige arrangement for å feira Kvitstova, som Jimmy Øvredal har kalt kyrkja i eit dikt skrive til eit tidlegare høve. Her er ei oversikt over arrangementa.*

Folk har samlast til dåp, bryllaup, gravferd, til vanlege søndagsgudstenester, til festgudstenester i høgtidene, og til konsertar og andre kulturarrangement. Tusener av ungdom har blitt konfirmert, og i 150 år har truvedkjenning og velsigning vorte sagt fram. r.

I jubileumsåret vil kyrkjelyden invitera til mange forskjellige arrangement for å feira Kvitstova, som Jimmy Øvredal har kalt kyrkja i eit dikt skrive til eit tidlegare høve. Her er ei oversikt over arrangementa.

### **Torsdag 20. februar kl 20**

Historisk foredrag v/ Mari Lyssand (sjå eigen omtale) i Tunet kyrje- og kultursenter. Samarbeid med Torsdag i Tunet og Os sogelag.

### **Søndag 15. mars kl 18**

Korkonsert. Mange lokale kor stiller opp til stor konsert i kyrkja. Meir informasjon vil koma i lokalpressa, kyrkjias facebookside og kyrkjias nettside.

### **Søndag 26. april kl 11**

Familiegudsteneste på 1970- talsvis med Nils Georg Brekke, Norvald Kobbeltvedt og Roar Hallesby Evjedal

### **Søndag 7. juni kl 11**

Sommarfestgudsteneste. Os kyrkjelyd har deis iste åra hatt tradisjon for å invitera til sommarfest treeiningsøndagen, søndag etter pinse. I år blir det gudsteneste med nyskrive liturgisk musikk av Norvald Kobbeltvedt (Liturgiske ledd) og Tonje Hernes (pre- og postludium). Før gudstenesta tek vi bruk gamle kyrkjevegar frå Søfteland, Nore Neset og Ferstadvågen. Etter gudstenesta er det grilling og aktivitetar for heile familien på kyrkjeflaten. Samarbeid med Oselvarlaget, Os turlag og Os sogelag.

### **Søndag 23. august kl 11**

Jubileumsgudsteneste. På dagen 150 etter at kyrkja vart vigsla, inviterer vi til stor festgudsteneste.

### **November**

Konsert med verk av lokale komponistar. Endeleg dato blir kunngjort seinare.

### **Desember**

Jazzmesse skrive av Aasmund Brekke. Endeleg dato blir kunngjort seinare

Meir informasjon om dei ulike gudstenestene og arrangementa leggst ut i forkant på Os kyrkje si facebookside og [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)

**Jubileumskomiteen**



# Os sokneråd for perioden 2019-2023

## Soknerådet har konstituert seg og ser slik ut:

Bente Marie Brøvig Strømme, leiar Per Gunnar Lunde Oseng, nestleiar Dette to + soknepresten utgjer arbeidsutvalet. Christine Westgaard Lund Halland er vara til arbeidsutvalet.

Faste representantar til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er Jorunn Hodneland og

Jon Håkon Øen. Knut Inge Johnsen og Inger Botnevik vart valde til varamedlemmar.

**Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd** består dermed av Jorunn Hodneland og Jon Håkon Øen frå Os, Lars Erik Dalland og Roald Samnøy frå Fusa.

Biskopen sin representant er prost Kristin Sævik Litlere med soknepresten i Os som vararepresentant. Kommunen sin representant er varaordfører Mikal Leigland med ordfører Tine Lindborg som vara. Roald Samnøy er leiar, Jorunn Hodneland er nestleiar.



**Frå venstre:** Arne Tveit(vara), Jon Håkon Øen, Jorunn Hodneland, Inger Botnevik, Margrethe Holmboe Askeland, Christine Westgaard Lund Halland, Bente Brøvig Strømme, Per Gunnar Lunde Oseng, Knut Inge Johnsen og Thorstein Skårnes(vara).

**Ikkje til stades då bildet vart tatt:** medlem Malin Nøss vangsnes og varamedlemmane Nils Sørbø, Kjell Jarle Aadland og Becky Ogwu Hesjesdal

Foto Thorstein Skaarnes.

## Vi søker frivillige medarbeidarar til TUNET kyrkje- og kultursenter

Behovet for ryddeam i TUNET har auka med tida og særleg frå i år med driftsendringar i stab.

Vi treng eit ryddeteam før og etter store arrangement som Fasteaksjonen, 17.-mai-

kafeen, Skapingsdagane, Konfe-kickoff, Julemessa, Julegåveverkstad, Gospelnights og Romjuls-treff. Arbeidet i rydde teamet vil skje på ettermiddag eller kveld, før og etter arrangementet. Det dreier seg om å tørke av og rydde bort bord og stolar, og koste golvet.

Tidsforbruket om lag ein time pr oppmøte.

Vi ønskjer å få etablert eit stort team slik at alle ikkje treng stille kvar gong. Kan du vere med i teamet, send ei e-post til: [ih985@kyrkja.no](mailto:ih985@kyrkja.no)

**Inger-Johanne Haugland**  
FRIVILLIGKOORDINATOR OS KYRKJELYD



## KIRKENS NØDHJELP SIN FASTEAKSJON:

# Klar tale, og gode tal

I fjor klatra Os sokn opp på 7. plass på landsbasis, og 4. plass i Hordaland med 115.784 kr innsamla midlar til *Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon*. Dette er bra, og i år skal vi saman slå dette.

Takk til alle som var med på ulike vis. Håper de blir med på laget også i år. Pengane som kom inn er med å gje reint vatn og betre sanitær forhold der det trengs mest. Ein brønn i Etiopia på 120 meter gjev både håp og rom for liv og vekst til 8 000 menneske. Tradisjonen tru er vi også i år, saman med konfirmantane, med på å gjere ein stor forskjell.

Den kristne fastetida er mellom anna dette; ei tid for refleksjon og nestekjærleik der handling står i fokus. Medan dei gule posane med påskegodt dukkar opp i norske butikkhyller, fastar mange kristne over heile verda i førti dagar. Somme fastar ved å ete mindre kjøtt, andre ved å bruke meir tid i bøn. Andre fastar på den måten at dei gjev meir av si tid der det verkeleg trengs - både ute i verda og heime. Kanskje du skal gjere et fasteforsett? På Kirkens Nødhjelp si nettside finn du gode fastetips.

### Her i Os går fasteaksjonen søndag 29. mars.

I tillegg til bøsseinnsamling, vert det kafe i Storsalen og kveldsgudsteneste i Os kyrkje. Vi vil ha fokus på den lokale fasteaksjonen i Os frå fastelavn og utover mot fasteaksjonsdagen. Generell info om fasteaksjonen finn du på: [www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no). Bli inspirert og inspirer gjerne andre, og tenk på om du vil være med og støtte Fasteaksjonen i Os på ein eller annan måte.

### Grøn faste. Nokre tips:

I rike land kjøper vi flyreiser som står for store CO2-utslepp. Å kutte ned på flyreiser er ei av dei beste måtane vi kan begynne å leve grønare. Blir du køyrt til aktivitetar? Samkøyring er å køyre saman. Dersom fleire kunne køyre saman ville det være bra for miljøet, det ville bety spart tid for sjåførane. Og har du ikkje så lange avstandar, er det å sette av tid til å gå framfor å køyre, i tillegg bra for eiga helse.



### grøn faste:

- Kutt ned på kjøttforbruket, og et meir fisk og grønt.
- Unngå å kjøpe flaskevatn og eingongs-kaffikoppar. Mange stader får du rabatt når du har med eigen kopp!
- Kast mindre mat ved å ete middagsrestar til lunsj dagen etter.
- Ta i bruk eit kult handlenett i staden for å kjøpe plastpose når du handlar.
- Ta med familien på ein strandryddedag i løpet av fastetida. Kanskje den som samlar mest søppel kan få ein premie?

### Vi sjåast!

29. Mars, anten på døra med bøsse, i kafeen i Tunet og på kveldsgudstenesta. Merk av dagen i kalenderen allereie nå. Gje av di tid, og GJE ET LIV MED VATN.

Alle som vil er hjarteleg velkommen til å bidra. Om du vil delta med praktiske oppgaver aksjonsdagen, kontakt frivilligkoordinator Inger-Johanne. [e-post: ih985@kyrkja.no](mailto:ih985@kyrkja.no).

KN komiteen  
Ingrid, Hildur og Inger-Johanne



# Sprell Levande arbeid for born og familier

## Vi har barnesamling ved gudstenester i både Os og Nore Neset kyrkje.

Leiaren for barnesamlinga samlar borna framme ved skattekista, og tar borna med til søndagsskulerommet.

### Vel møtt!

Barnesamlinger v/gudst i Nore Neset kyrkje	
Dato	Aktivitet
19.01.2020	barnesamling
26.01.2020	Fam.gudst
02.02.2020	barnesamling
16.02.2020	barnesamling
08.03.2020	Fam.gudst
29.03.2020	barnesamling
22.03.2020	barnesamling
26.04.2020	Myldregudst
24.05.2020	barnesamling

Barnesamling v/gudst i Os kyrkje	
Dato	Barnesamling
19.01.2020	Barnesamling
09.02.2020	Barnesamling
16.02.2020	Fam.gudst
08.03.2020	Barnesamling
15.03.2020	Barnesamling
05.04.2020	Fam.gudst
19.04.2020	Barnesamling
26.04.2020	Myldregudst
10.05.2020	Barnesamling
24.05.2020	Barnesamling

## TweenSing Os

### TweenSing er eit kristent korarbeid for «twens» i alderen 5.-7.klasse.

Vi møtes kvar måndag kl 18 – 20, i Nore neset kyrkje. Vi har mange kjekke oppdrag og planar for våren. Så om du likar å syngje, spele i band eller berre vera i lag med andre på din alder, kom og sjå om dette er noko for deg!

**Sjå nettsida til Os kyrkje eller Facebook: TweenSing Os**

Kontaktinfo: Gro Helen B. Skjælaaen: gs234@kyrkja.no/ tlf 56572412

## Trusopplærings- tiltak for 0-11 år: VÅREN 2020

– Alle born i aldersklassen er velkomne.

Invitasjon til tiltaka vert sendt til føresette av born som anten er døypte eller har foreldre registrert som medlem i kyrkja sitt register.

### Myldregudsteneste i Os kyrkje

26.april kl. 11.00 Ei livleg familie-gudsteneste med deltaking av babysang gruppene på Os og Nore Neset.

### Tårnagent helg for 9-åringar i Os Kyrkje

Helga 15.-16. februar ynskjer vi 3. klassingar velkomne til ei helg med mystikk og utforsking ! OBS! Flytta til februar i staden for januar, på grunn av opprusting av Os kyrkje  
Krev påmelding

### Babysang

**Os(i Tunet) og Nore Neset.**

Starter torsdag 30. januar.  
Krev påmelding

### Heilt 1. klasser!

5 onsdager. Starter 4. mars. Vi har samlinger i Tunet, i Os sentrum. Tema med utgangspunkt i 6 års boka. Song, aktiviteter og kveldsmat.  
Krev påmelding

### Skapingsdagane: 22-24 juni

Invitasjon og meir informasjon kjem!

Følg med på heimesida for meir informasjon kyrkja.no/os. Du melder deg på kvart enkelt tiltak via [os.medarbeideren.no](https://os.medarbeideren.no)



# LørdagsSprell

- første samling blir i februar

**Ca ein laurdag i månaden, kl 11 – 13, samlast barnefamilier i Nore neset kyrkje.**

Her syng vi og får høyre ei bibelforteljing frå søndagsskuleopplegget «Sprell Levande». Etterpå leikar vi litt; med duplo, lego, turner på matter eller teiknar. Ofte har vi ei formingsaktivitet med noko borna kan ta med seg heim. Klokkas 12 et vi lørdagsgraut i lag før vi avsluttar saman i ring.

Kanskje treff du «gamle» kjente etter babysang, eller blir kjent med nye familier. Her er døra høg og hjertevarmen stor! Vel møtt!

Datoane for våren er ikkje heilt avklart i skrivande stund, men følg med på nettsida vår: «[kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)»

- eller facebookgruppa: LørdagSprell

## Superhelt i fastetiden

**Barn er opptatte av urettferdighet både i det nære og i den store verden. Alle barn som har lyst til å gjøre verden mer rettferdig kan være superhelter.**

I «superhelt i fastetiden»-heftet møter vi Jacob og Thea. To norske barn, og følger dem gjennom fastetiden. Hver uke finner disse to superheltene på nye aktiviteter som kan være med å forandre.

**Målgruppen er barn fra seks til ni år, men det kan også brukes for andre aldersgrupper.**



## Ungdomsarbeidet i Os

*Då har me byrja på eit nytt år, eit nytt 10 år for ungdomsarbeidet i Os kyrkje, i Bjørnafjorden kommune.*

Me kjem til og fortsette slik som me gjorde i 2019 og tilby eit variert tilbud av aktivitetar for ungdomen. Av ungdomen, med ungdomen, for ungdomen. Så om du likar å synge, å danse eller berre liker å være saman med venene dine, er det mogleg å gjere det på desse samlingane.

I løpet av ein måned er det mogleg å komme på Join us om onsdagane, Krik på fredagane og ein gong i månaden på ein større happening som og vil skje på fredagen.

**For tider for den enkelte aktivitet, sjekk ut @ungdomstunet på instagram.**

Det er og lurt å abonere på kalendaren til ungdomsarbeidet som du finn på heimesida til os kyrkje under «barne og ungdomsarbeid»

## Tunet barnekor

**Oppstart torsdag 23.januar kl 17.30**

Vi er eit barnekor for born i alderen 1.- 4.klasse. Vi syng, spelar litt på instrument, høyrer forteljingar om Jesus, leikar og har det kjekt i lag! Vi møtes annankvar torsdag, kl 17.30 – 18.45. Kontaktinfo: Gro Helen B. Skjælaaen: [gs234@kyrkja.no](mailto:gs234@kyrkja.no)/ tlf 56572412





# Daglig leder i Os menighet

Med ny organisasjon har vi fått en ny stilling. Linda Ekerhovd er tilsatt i stillingen som daglig leder. Hun startet opp i Os 1.november i fjor. Hennes arbeidsoppgaver er bl.a å være arbeidsleder for staben i Os, sekretær for soknerådet og å drive med informasjonsarbeid.

Intervju av Margrethe Holmboe Askeland

Vi er spent på hvem den nye daglige lederen er, og spør:

## ER du osingen eller?

Både ja og nei. Jeg har vel alltid følt meg som en osing i hjertet, men flyttet fra bygda som 6 åring i 1992 og har ikke bodd her siden da. Vi reiste mye på besøk til Os da jeg var liten og jeg har mange gode minner fra de turene. Vi kan si jeg er litt osing.

## Hvilken bakgrunn har du?

Som prestedatter har jeg vokst opp i Den norske kirke, og har trivdes godt der. I Høvåg hvor jeg vokste opp var det et veldig godt menighetsarbeid. Ungdomsarbeidet samlet alle ungdommene i bygda, både troende og ikke troende. Disse årene har vært viktig for videre valg i livet. I voksen alder har mitt kirkelige engasjement vært i pinsebevegelsen; i Oslo United og Salt Bergen.

## Hva har du drevet med før?

Jeg har siden 2011 jobbet som lærer på bibelskole og hatt noen år i misjonsorganisasjoner (Normisjon, HimalPartner og Israelsmisjonen). Før jeg kom til Os jobbet jeg som COO i en kirke og organisasjon i London som jobbet blant annet med kvinner utsatt for menneskehandel eller vold i nære relasjoner.

Jeg har alltid hatt et engasjement for å bekjempe urettferdighet, og kanskje særlig for kvinner. Jeg har en master i samfunn hvor jeg skrev avhandling om kvinner utsatt

for menneskehandel i Norge. I tillegg til bekjempelse for urettferdighet har jeg også engasjert meg for konflikthåndtering. Jeg synes det er et veldig spennende felt. Da jeg jobbet i

Israelsmisjonen jobbet jeg med freds- og forsoningsarbeid mellom unge messianske jøder og unge kristne palestinere. Det var veldig sterkt og noe av det mest meningsfulle jeg har vært med på. Det



Foto: Birgit Cecilie Tarlebø





å få se at menneske som hater hverandre, som har stått i krig med hverandre, ender opp med å tilgi og elske hverandre som brødre og søstre. Det setter ting i perspektiv.

### Hvorfor søkte du deg hit?

Jeg hørte de trengte en god kandidat til stillingen som Daglig leder. Jeg tenkte jeg var en god kandidat, og derfor søkte jeg. Kort og godt. Nå i ettertid ser jeg at det var et godt valg. Os kirke er velsignet med gode og trofaste frivillige medarbeidere og en stab med god kompetanse. Dette er det kjekt å få jobbe med!

### Hva brenner du for i jobben?

Det er mye! Først og fremst brenner jeg for at folk skal få oppleve og kjenne kjærligheten, friheten og håpet det finnes i å kjenne og følge Jesus. Og jeg håper vi som menighet kan vise dette gjennom ord og handling.

Og så brenner jeg for at mennesker skal få bruke sine gaver og blomstre i det de står i. Jeg er opptatt av å finne ut hva som ligger under overflaten hos andre mennesker, og så godt jeg kan legge til rette for at de skal få vokse i sine gaver og evner. Dette er noe jeg ønsker å bruke tid på i jobben, både når det gjelder ansatte og frivillige. Når mine medarbeidere har det godt på jobb og blomstrer i sin tjeneste, da trives jeg godt på jobb.

Til slutt, brenner jeg for enhet, da særlig blant oss kristne. Vi trenger ikke å være enig om alt. Noe av det sterkeste jeg ser er når mennesker som er uenige likevel kan stå skulder ved skulder. Det synes jeg er et sterkt vitnesbyrd. Om det gjelder palestiner og israeler eller kirker i Norge.

Vi takker Linda for samtalen, og ønsker Guds velsignelse over arbeidsdagen hennes her i Os.

# Gje ei gåve til fellesskapet

Os kyrkjelyd driv eit omfattande arbeid. Vi har mange som er med og gjer ein fantastisk jobb for at Os kyrkjelyd skal vera ei levande kyrkje som bringer Guds rike til Os. Du er velkommen til å vera med! Og det kan gjerast på ulike måtar.

Det er ei glede å gi. Med ei open hand er det alltid mykje meir av at ein både gir og får. Derfor vil vi på ein positiv måte utfordra på å oppleva at Os kyrkjelyd er eit fellesskap der du både kan gi og få.

I ein fellesskap har vi alle moglegheit til å bidra, på ulike måtar. Kyrkjelyden består av mange rause menneske som gir av eigne gåver, evner, tid og ressursar for å forvalta det Gud har gjeve oss på best mogleg måte. Det er vi veldig takksame for og avhengige av.

### Fast gjevarteneste

I dette nummeret av kyrkjebladet ønsker vi å kome med ei utfordring til å bli fast gjevar.

I 2017 stod det fantastiske kyrkje- og kultursenteret Tunet ferdig. Vi drøymmer om at Tunet skal være ein godt stad for alle osingar å kome til. Visste

du at det kvar veke er hundrevis av personar innom Tunet eller kyrkjene våre? Om det er på familiekoret ShubaDubs, Tweening, Join US, trusopplæring, konfirmantarbeid, sorggrupper eller Koinonia for å nemna nokon av møtepunkta. Renter og avdrag på bygget utløyser trong for ei raus gjevarteneste for at vi ikkje skal redusere innsats på desse andre viktige områda.

I 2019 hadde våre faste gjevarar eit samla årleg beløp på 384 800 kr til Tunet. For å halda oppe ein robust økonomi bør gjevarteneste aukast til 500 000 kr i 2020. Dette kan vi nå viss til dømes 50 nye gjevarar gir 200 kr i månaden.

**For å nå det målet, treng vi din hjelp. Er du med?**

**Linda Ekerhovd**

DAGLEG LEIAR

**Du kan teikne deg for fast gjevarteneste på vår nettside <https://kyrkja.no/os>**

Du kan og sette opp fast trekk i nettbanken din til konto 3201.53.23506. Eller du kan kome innom kyrjekontoret og fylle ut skjema for avtalgiro. Gåver er skattefrie (minimum kr 500,- og maksimum kr 40-tusen/år).

**Takk for gåve! Til felles glede og vekst for folkekyrkja i Os**



# Ny driftsleiar

Kenneth Molland tok til i stillinga som driftsleiar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd 1. februar.

Han vil ha ansvar for drift av kyrkjer og kyrkjegardar i begge sokna i Bjørnafjorden kommune og være den næraste overordna for dei andre tilsette på driftsavdelinga på begge sider av fjorden. Eg er litt nyfiken på den nye medarbeidaren vår og spør:

## Kven er du Kenneth?

– Eg er 36 år og født og oppvokst i Veitastrand i Sogn, men har budd i Os sidan 2002. Eg er gift med Signe Molland. Vi har to gutar på 2 og 4 år.

Du har tatt på deg ein jobb der du både skal ha personalleiing og vere ganske allsidig reint praktisk.

## Kva bakgrunn har du?

– Eg har jobba som anleggsmaskinreparatør. Dessutan har eg vore verkstadformann hos Volvo maskin, så eg vil seie eg har røynsle frå ulike felt som trengst i jobben.

Vi takkar for praten og ynskjer den nye medarbeidaren velkomen og lukke til

Margrethe Holmboe Askeland

## Kjøp fastelys i regnbuens fargar

- 7 kubbelys med regnbuebøner og bøsse: **Kr. 150,-**
- 7 kulelys med regnbuebøner og bøsse: **Kr. 110,-**
- 7 stavlys med regnbuebøner og bøsse: **Kr. 50,-**

### I sal frå veke 8

FASTELYS pakken kjøper du på kyrkjekaffi, aktiviteter i Tunet og direkte på Kyrjekontoret på Osøyro. VIPPS til Os kyrkjelyd 20250 (Meny velg fastelys)

Lysa er produsert av NMS gjenbruk «Knausen lysestøyper». LYSEstumpar kan du levere inn på Os gjenbruk heile året!



## Språkkafeen i Os med temakvelder:

**Språkkafeen i Os er et tilbud for familier og enslige, der folk møtes og lærer språk gjensidig fra hverandre. Alle er hjertelig velkommen.**

Dette er eit samarbeid mellom Bustad-flyktingtenesta i Bjørnafjorden kommune, Frivilligsentralen i Os, Sanitetsforeningane i Os, Norsk folkehjelp Os og Os Kyrkje

### Datoer for temakvelder våren 2020

**Torsdager 17.30 - 19.30:**

- 06.Februar: Internasjonal dans
- 12.Mars: Gjenbruk av klær
- 02.April: Kulturmøter
- 28. Mai: Lek og moro

**Hvor?** Oppmøte  
Storsalen i Tunet.



## Sokneprestens hjørne: Når livet vert for vanskeleg å leva

Langsamt har det begynt å sige inn over oss, dette brutale faktum: Meir enn dobbelt så mange døyr av sjølv-mord som dei som døyr av trafikkulukker.

Alt for mange har opplevd at det har vore så svart at dei ikkje har sett annan utveg enn nøkternt å planleggje og gjennomføre eigen død. Dei let etter seg djup smerte og mange spørsmål. Heldigvis har det vorte meir openheit kring dette. Det mange forteljingar om dei som valde å gjere det slutt.

Eg har vore på heilag grunn hjå dei som var forlatt, og fått høyre fleire av desse forteljingane gjennom mine 20 år som prest. Kvar forteljing er unik. Kuart menneske har si historie. Også dei som har kome igjennom mørkret har fortalt. Fleire har dei siste vekene stått fram og peikt på at det finst veg gjennom. Tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik, (Vårt Land 13.01), prestekollega Vidar M. Bakke (VG 12.01 og Vårt Land 16.01) og forfattar Bente Bratlund, (Face Book 03.01)

for å nemne nokre. Dei har kvar si forteljing. Dei seier likevel det same: Det som hjalp, var at nokon var der og tålte mørket. «Vis meg at du orker mitt mørke. At du holder ut med å vente» skriv Bakke.

Eg kjenner på ei djup uvisse når eg siterer desse. Eg veit jo at det er mange som har tålt, orka og stått ved sida av sine kjære i det djupe mørket i lang, lang tid. Legg eg stein til bora no?

Likevel: Skal vi få ned tala på sjølv-mord, må vi våge. Vi må våge å vere opne. Vi må våge å lytta til forteljingane. Vi må våge å seie at den som går er ansvarleg for sine handlingar. Vi må våge peike på det om kan hjelpe. Vi må våge å gå inn i dette landskapet med øyre, hjarte og tanke opne

**Margrethe Holmboe**  
**Askeland**  
SOKNEPREST

## Salme 126 Maria Bodskapsdag

Frå englemunn dei sæle orda fell, hans venger er som snø, hans augo eld.

«Ver helsa du, den ringe, du Maria møy, velsigna mellom kvinner!» Gloria!

«Ei høge velsigna more skal du no bli kvar ætt skal prise deg til evig til.

Sin son skal bli Immanuel, som det var spådd, velsigna mellom kvinner!» Gloria!

I audmykt bøyer ho sitt hovud stilt. «Lat Herren vilje skje,» ho seier mildt.

«Mi sjel høglovar Herrens namn og frydar seg.» Velsigna mellom kvinner. Gloria!

Av henne føddest Krist, Immanuel, i Betlehem den fyrste julekveld,

Og kristenfolk kring heile jorda syng i lag: «Velsigna mellom kvinner!» Gloria!

Både tekst og folkemelodi kjem opprinneleg frå Baskerland i Spania. Den er den einaste baskiske salmen i N13. Salmen er ukjent i Noreg. Mange kyrkjekor i England og Nord-Amerika syng han kvar adventssesong, men han høyrer eigentleg til på Maria Bodskapsdag.

Arve Brunvoll brukte den engelske omsetjinga som grunnlag for si omsetjing i 2001.



**Andrew Paul Holman**  
KANTOR

## Kan du ta vare på meg?

Nytt fosterhjemskurs 19. februar

CRUX hjem - Bergen  
[fosterhjemshelter.no](http://fosterhjemshelter.no)  
Tlf.: 971 66 682



## Søndagssamlingane for menneske med utviklingshemming

Søndagssamling for menneske med psykisk utviklingshemming og andre, Bibelforteljing, sang og musikk, enkel servering.

Velkomen til Nore Neset, søndag 9. februar og 8. mars frå kl 17.00 til kl 18.30.

## TITT Torsdag i Tunet

Ein torsdag kvar månad kl 20:00-22:00  
Litt musikk, enkel kveldsmat, kveldens tema og triveleg fellesskap.

### 20. Februar:

Os kyrkje 150 år. Mari Lyssand fortel om kva Os-kyrkja har hatt å sei for osingane gjennom 150 år. Omvisning i kyrkja etter oppussinga no i vinter.

Det vert og TiTT torsdag 19/3 og 23/4. Nærare om program seinare.

## STRIKK TIL TUNET - BASAR!

Kvar onsdag formiddag er ein flokk damer samla i salongen i Kyrkjetunet. Praten går godt, og strikkepinnane enda betre. Resutatata av dei flittige hendene sitt arbeid skal nå loddast ut, til inntekt for TUNET.

### Det blir basar laurdag 15. februar!

Alle er hjarteleg velkommen til ein fin laurdagsettermiddag i Tunet.

## GOSPELNIGHT

- Fredag den 31. januar kl 20:00 i Storsalen
- Fredag den 20. mars kl 20:00 i Os kyrkje

Dette er ingen konsert, men fokus på allsong, leia av eit stjernelag av musikarar og songarar frå Join Us på 70-og 80-talet.

**Kom og bli i lovsong for vår Gud!**  
Gamal eller ung - hjarteleg velkomen!

*Aasmund Brekke*  
Musikalsk leiar og initiativ

*Inger-Johanne Haugland*  
Frivilligkoordinator Os kyrkjelyd  
[lh985@kyrkja.no](mailto:lh985@kyrkja.no)

## ELDRETRUFF

Samarbeid mellom Os sanitetsforening og Os sokneråd Eldretreffa er kvar første tysdag kvar månad i Kløvertun.

### Program for våren:

- Tysdag 4/2: Gjest/talar: Siw Kolstad: «Mat frå hjartet»
- Tysdag 3/3: Gjest ordfører Trine Lindborg: «Nye Bjørnafjorden»
- April utgår pga påsken.
- Tysdag 5/5: Gjest Paul Hans Sælen «Vegen frå Smio på Osøyro til Jernia»
- Tysdag 2/6: Vårtur - dagstur.

Støtt våre annonsører

**NMS GJENBRUK OS**  
**MILJØ, MØTEPlass & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**  
 Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
 Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPlass MISJON

 Følg oss på Facebook  
 "NMS Gjenbruk Os"



*Sag og høvleri*

**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast  
 Panel - lister - golv  
 Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
 5215 LYSEKLOSTER

**OS HAGESERVICE**   
 alt innen hage

Vi lager hageplan,  
 murer, legger stein,  
 lager plen og planter  
 busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no) 

**TRAVELNET** 

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os  
 Tlf. 56304300

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)





**Elektro-Design AS**  
 AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
 Ta kontakt med Geir Skarding:  
**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

**KVALITET!**

Verktøy, maskiner og  
 redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**  
 Tlf. 56 30 44 90

  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

**GRAVMINNER**  
 Stor salgsutstilling av  
 nye monumenter  
 Tilføyelser / Oppussing

 **EIKNER** 

**STEINRIKET**  
 EIKNER NATURSTEIN  
 ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
 TLF. 55 98 70 00

**Os Gravferdsbyrå as** 

**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
 Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
 for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv.  
 Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

**[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)**



## Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 13. oktober 2019

Dato	Takkoffer til	Beløp
20.10.2019	Kongshaug Musikkgymnas	19 995,-
27.10.2019	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	6 167,-
03.11.2019	Tunet	7 364,-
10.11.2019	Blå Kors i Norge	6 461,-
17.11.2019	Tunet	10 649,-
24.11.2019	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	4 051,-
01.12.2019	Os KFUK/M-Speidarane	8 160,-
08.12.2019	Misjonssprosjeketet	3 718,-
15.12.2019	Tunet	3 014,-
24.12.2019	Kirkens Nødhjelp	62 091,-
25.12.2019	Det Norske Misjonsselskap	6 957,-
26.12.2019	Barnearbeidet i kyrkjelyden	905,-
01.01.2020	Tunet	6 705,-
05.01.2020	Misjonssprosjeketet	14 786,-
12.01.2020	Ungdom i oppdrag	2 171,-

## TUNET Kyrkje- og kultursenter

Vi har lokaler til minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, kurs etc. Lokaler med kapasitet opp til 120 personar. Vi tilbyr kjøken – og betjening i forbindelse med minnesamvær.

Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og leigevilkår:

**Telefon 56 57 24 00**  
eller [post@kyrkja.no](mailto:post@kyrkja.no).

## DØYPTE

### 27. oktober

Alvin Kolstad Bøgevik  
Hedda Elisabeth Mork Nygård  
Vilde Rusdal  
Theo Waldersnes Skjoldal

### 10. november

Oliver Breivik Halhjem  
Sjur Hellem Haugen  
Sverre Lunde Haugsbø  
Jenny Mikkelsen Skåtøy

### 17. november

Caroline Moe Røksund  
Ingrid Moberg Skurtveit  
Elias Haukefær Sørstrønen  
Lykke Elida Linga Vevatne

### 1. desember

Saga Alvheim Asbjørnsen  
Pernille Søvik Hovland

### 8. desember

Riku Øverland Hustoft  
Maia Håland Lepsoe  
Annelin Storebø  
Jakob Gaustad Strømme

### 26. desember

Markus Hellerud

### 5. januar

Vilde Frantzen Eide  
Håkon Woods Vindenes

### 12. januar

Live Skåtøy Matre

## VIGDE

### 6. november i

**Nore Neset kyrkje**  
Bodil Helen Lepsoe  
& Helge Hagevik

### 23. november i Os kyrkje

Mona Lilleskare Johannessen  
& Torry Kibsgaard Andreassen

## DØDE

### Helene Killingrød Fosså

f. 21.04.1949 - d. 14.10.2019

### Sunniva Bjørkelo

f. 19.05.1947 - d. 15.10.2019

### Aslaug Hjørdis Langeland

f. 05.01.1923 - d. 16.10.2019

### Oddny Ness-Hansen

f. 15.12.1920 - d. 16.10.2019

### Magnhild Solstad

f. 29.01.1943 - d. 18.10.2019

### Kjetil Malmedal Tollefsen

f. 02.10.1986 - d. 26.10.2019

### Nelly Olfrid Dalland

f. 11.05.1943 - d. 15.11.2019

### Orense Jørgine Bruarøy

f. 02.09.1928 - d. 30.11.2019

### Jon Stigen

f. 03.04.1991 - d. 06.12.2019

### Gerd Lillian Fredriksen

f. 23.03.1942 - d. 09.12.2019

### Leikny Hatvik Nøss

f. 25.06.1947 - d. 09.12.2019

### Ingrid Borgen

f. 19.11.1927 - d. 12.12.2019

### Abelone Amland

f. 02.04.1926 - d. 13.12.2019

### Anne Kathrine Løkeland

f. 02.07.1951 - d. 20.12.2019

### Jetmund Heggland

f. 20.03.1932 - d. 26.12.2019

### Harald Lekven

f. 29.05.1937 - d. 28.12.2019

### Olav Horvik

f. 05.05.1931 - d. 31.12.2019

### Annemor Tysnes

f. 08.01.1917 - d. 02.01.2020

### Åshild Nesse

f. 24.03.1928 - d. 05.01.2020



# Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for oppdaterte opplysningar.

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
<b>09.02.20</b> kl. 10.00: Dåp.	<b>02.02.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>09.02.20</b> kl. 11.15: Nattverd. Konfirmantar deltek.	<b>16.02.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>16.02.20</b> kl. 11.00: Dåp. Born frå Tårnagentar deltek.	<b>08.03.20</b> kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.
<b>23.02.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	<b>22.03.20</b> kl. 11.00: Nattverd. Maria bodskapsdag.
<b>26.02.20</b> kl. 19.00: Kveldsgudsteneste med nattverd.	<b>29.03.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
<b>01.03.20</b> kl. 10.00: Dåp.	<b>09.04.20</b> kl. 19.00: Kveldsmat. kl. 20.00: Aftansong med nattverd.
<b>01.03.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>08.03.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
<b>15.03.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek.	
<b>22.03.20</b> kl. 11.00: Berre gudsteneste på Nore Neset	
<b>29.03.20</b> kl. 19.00: Nattverd. Avslutning fasteaksjonen.	
<b>05.04.20</b> kl. 11.00: Dåp.	
<b>10.04.20</b> kl. 11.00: Korsvandring	
<b>10.04.20</b> kl. 12.00: Pasjonsgudsteneste	
<b>12.04.20</b> kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
<b>12.04.20</b> kl. 17.00: Dåp. Nattverd.	
<b>19.04.20</b> kl. 10.00: Dåp.	
<b>19.04.20</b> kl. 11.15: Nattverd.	
<b>26.04.20</b> kl. 11.00: Myldregudsteneste	

## Andre

### Luranetunet

**18.04.20** kl. 16.00: Nattverd

### Ravneberghaugen

**18.04.20** kl. 17.30: Nattverd

### Liafjellet

**22.04.20** kl. 12.00: Friluftsgudsteneste

## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, ma735@kyrkja.no

#### KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### VIKARPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

#### KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf253@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

#### FUNGERANDE KYRKJEVERJE:

Harald Geir Sæther, hs995@kyrkja.no  
tlf. 56 58 01 80

#### DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 20.

#### KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, lh798@kyrkja.no,  
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

#### KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hl489@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

#### FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

#### KYRKJELYDSPEDAGOG

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv299@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042)  
og Kenneth Molland, Marianne Tveit, Øyvind  
Dreyer, Agnar Midtsæter og Linn Kjerstin  
Østgulen.

**Ynskjer du å  
annonser i  
kyrkjebladet?**

Ta kontakt på  
tlf. 56 57 24 00  
eller e-post  
[mha@os-kyrkja.no](mailto:mha@os-kyrkja.no)

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os




# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jona blei kasta over bord frå ein båt, og blei slukt av ein kval!


Teikning: Chiara Bertelli



## Hjelp Jona ut av kvalen!

Kan du hjelpe Jona å finne vegen ut?

Teikning: Chiara Bertelli



## Finn 5 feil

Teikning: Chiara Bertelli

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet  
BARNAS til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



Gamle Tobias  
hadde køyrt bil i alle  
år. No hadde han fått  
seg nye briller, og kom  
skjelvande heim til kona.  
– Før eg fekk desse  
brillene gjekk alt så bra  
i trafikken. Men no  
kjem jo bilene frå  
alle kantar!

## VITSAR

Det var  
haust i Edens  
hage. Plutselig  
kom eit fikenblad  
virvlande i vinden.  
– Sjå Adam, roppe  
Eva. – Ein usynleg  
mann!